

Lærer for livet

"Gode lærere kan gi oss magiske opplevelser.
Men hva med de dårlige?"

"Jeg fikk en sløydlærer, en sindig trønder, som lærte meg å bruke sag, fil og stemjern og tålmodig hjalp meg til å lage en skammel, en julepresang til mor og far, som ble malt blå, og som fortsatt finnes på et loft. Jeg fikk en kvinnelig historielærer som med smittende entusiasme fortalte oss at Olav Kyrre var undervurdert av norske historikere, og etter hennes skjønn den største av konger, og som ubegripelig nok fikk meg og resten av klassen til å lese Snorre og Grimberg i fritida. Jeg fikk en gymlærer som av egne midler kjøpte en pickup folkevogn for å ta gutta i klassen med i skauen og på treningsturer. Men viktigst: Da jeg var femten år gammel, fikk jeg norsklæreren G som fikk oss til å lese "Lillelord."

Utdrag fra "Lærer for livet" av Willy Pedersen

Oppdageren

I den iltre diskusjonen som bestandig raser om reformer og bøker og bygninger og karakterer, glemmes i forbløffende grad hvor viktig en lærer kan være. Du sover deg gjennom år med gørrkjedelige historietimer. Så har du vikar i to timer og er hektet på tredveårskrigen eller Marguerite Yourcenars forfatterskap for resten av livet. Spør hvem som helst – det er læreren man husker fra skolen. Ingenting kan danke ut en lærer som inspirerer. Ingenting – absolutt ingenting – kan erstatte utstrålingen fra et entusiastisk menneske. Og om noe, så var lektor Dehli preget av smittende begeistring. Han gikk ikke rundt i disse lagerfrakkene alle lærere brukte på denne tiden; han kom liksom pyntet, i hvit skjorte og jakke og med en sløyfe i halsen som alltid var håpløst ute av posisjon etter en ivrig time, som etter et basketak eller en flytur. [...]

“Hva er dette?” sa han i den første norsktimen og skrev en stor H på tavlen så krittet sprutet – lektor Dehli kunne trekke et kritt opp av jakkelommen raskere enn noen revolvermann. Alle elevene satt som spørsmålstegn. “Se nøye,” sa han. “Ser dere ikke at der er en stige? Alle bokstavene er stiger. Bruk dem med omhu og dere kan klatre hvor dere vil.”

Lektor Dehli var en oppdrager, i ordets rette forstand. Han ville dra dem opp. Gi dem stiger så de nådde et høyere nivå. Han knuste aldri en elev. Isteden lokket han fram det beste i dem, til og med det de ikke kunne. [...]

Oppdageren

Lektor Dehli benyttet seg av flere uortodokse metoder. Da de hadde om Ibsen, ankom han timen med lommespeil i hånden og hele brystet fullt av medaljer. "Det er umulig å forstå Ibsen uten å ta hensyn til hans forfengeligheit og ærgjerrighet," forkynte lektor Dehli. Hvem kunne glemme noe slikt?

Ofte snudde han ting på hodet. "Det er mange mulige fremtider, det skjønner alle," sa han i en historietime. "Men det er også et vell av mulige fortider, har dere tenkt på hvordan Andre verdenskrig kan ha artet seg for en japaner. Ikke sitt der og måp. Før oppgaven inn i lekseboken. [...]"

Mange av lektor Dehlis pedagogiske mesterstykker involverte nettopp kart eller globuser. Ved å snu kloden på hodet lærte han dem ordet perspektiv. En gang klippet han ganske enkelt over et gammelt verdenskart midt i Atlanterhavet. "Hvorfor skal vi alltid ha Atlanteren i sentrum?" sa han. "La oss lime det sammen slik at Stillehavet kommer i midten." Virkningen var slående. Norge befant seg plutselig langt ute i periferien, helt oppe i hjørnet – [...]"

I en annen time holdt han globusen mot dem fra en bestemt vinkel: "Hva ser dere?" De så rett inn i Stillehavet. De skimtet så vidt randen av kontinentene i sirkelens utkant. Jonas hadde eid en globus i mange år, men aldri oppdaget at du kunne se den fra en slik vinkel. "Bare hav, " sa lektor Dehli. "Har dere tenkt over at 75 prosent av Jordens overflate består av vann?" Dette var i en historietime, om Vasco da Gama. Deretter fortalte lektor Dehli om de store oppdagelsene og deres forutsetning, seilskip og navigasjon. Du glemte det aldri. Jonas hadde inntrykk av at det var undervisningens siktepunkt overhodet: å lære dem navigasjon. I tilværelsen."

Utdrag fra "Oppdageren" av Jan Kjærstad

Mor mi ser på meg

Mor mi ser på meg. Eg går fram og tilbake over golvet og veit at ho ser på meg. Ho sit i sofaen og har trekt føtene opp under seg, ho gjer som om ho les i boka si, men eg veit at ho følgjer med på alt eg gjer. Vi har ete middag, eg skal ut med vennene mine, mor mi skal vere heime.

Eg prøver alle kleda eg kan tenkje meg å ha på meg. Eg prøver dei framfor spegelen på gangen og går på rommet mitt att for å skifte til noko anna. Mor mi ser ikkje på meg når eg ser på henne, eller når eg ser på meg sjølv i spegelen, men når eg går over golvet, kjenner eg auga hennar på meg gjennom døropninga.

Ho trur ikkje at eg veit det, men eg ser at ho ser, og eg kjenner at føtene mine liksom stokkar seg. Ho studerer meg, framsida mi, baksida mi, håret mitt, alle sider. Og eg synest ikkje eg ser fin ut i nokon av kleda. Eg seier det til henne: at eg ikkje har noko å ha på meg, og at eg likså godt kan bli heime, for eg kjem ikkje til å rekke den bussen likevel, men ho seier at eg har så mange fine klede, og at eg kler verkeleg begge buksene, og at eg er fin på håret, og at dei nye øyredobbane kler meg så godt. Alt dette seier ho, men når eg snur meg for å gå attende til rommet mitt, merkar eg at ho ser på meg, og med auga seier ho noko anna. Eg kjenner auga hennar på meg, og når eg ser på meg sjølv med hennar auge, likar eg ikkje det eg ser.

Ho vil ikkje at eg skal gå ut med vennene mine og vere fin, ho vil ikkje at dei skal få sjå den nye øyrepynnten som eg kjøpte i byen, ho vil berre at eg skal vere heime og ikkje vere saman med nokon. Ho vil ikkje at eg skal ta bussen saman med venninna mi og treffe dei andre. Det er slik det er. Og eg tenkjer alt dette, og eg prøver alle kleda mine, og det blir tyngre og tyngre å gå over golvet, og kvar gong eg seier til henne at eg ikkje har noko å ha på meg, seier ho at eg er fin i alt saman, men ho seier ikkje at eg må skunde meg om eg skal rekke bussen, endå eg veit at det er like før han skal vere her.

Ho vil ikkje at eg skal rekke bussen, ho vil ikkje at eg skal fare nokon stad, ho sit der i sofaen og gjer som om ho les, og tenkjer på heilt andre ting. Eg ser at ho berre tenkjer på at ho ikkje likar at eg går nokon stad, men når eg seier det til henne, berre smiler ho og seier at no tøvar eg bra, og at klart ho vil eg skal treffe vennene mine. Mor mi smiler muntert og legg boka ifrå seg og slår på tv-en, og så gjev ho seg til å sjå på eit naturprogram om maur. Ho lèt som om ho ikkje bryr seg, men ho bryr seg om alt, berre ikkje om meg, tenkjer eg, og eg går inn på rommet mitt og skiftar endå ein gong.

Mor mi ser på meg

Eg får ei melding frå venninna mi. Ho er allereie på haldeplassen. Ho spør om eg ikkje kjem snart, og om eg kan ta med meg lippgloss viss eg ikkje er gått enno, for ho har gløymt sin, og eg skriv berre ja, så set eg opp håret på ein annan måte.

Eg skiftar til dei lange støvlettane. Eg tek ei anna jakke på meg og held på å gløyme lommeboka mi i den andre. Eg har fått to hundre av mor mi. Det var altfor mykje, sa eg, men ho ville gje meg dei, sa ho, det var jo så sjeldan eg gjekk nokon stad, sa ho. Og eg går ut igjen for å sjå i spegelen, og eg høyrer at tv-en står på, at ein mann snakkar på engelsk om maur. Eg må gå no, seier eg til henne. Kan eg gå slik, spør eg, og då ser ho bort frå skjermen og opp på meg. Ho seier at eg er nydeleg, og at sjølv sagt kan eg gå slik, men auga hennar er heilt svarte inni andletet hennar. Ho ser på noko ein stad bortanfor meg. Føtene mine visnar, og spegelbiletet mitt løyser seg opp som ein tåkedott.

Ho sit i sofaen med eit mørkt pledd over skuldrene, og ho har trekt føtene opp under seg. Ho har ikkje rørt kaffien ho har laga seg, og ho ser ikkje på meg, men seier at eg er nydeleg, og at eg er nydeleg i alt eg har på meg, at eg er den nydelegaste av alle, og at alt eg har på meg, kler meg like godt, men eg trur ikkje på henne, eg trur ikkje at ho vil meg noko godt. Ho har svarte auge og mørke vengar til armar og stirer på ein skjerm full av maur.

Ho seier ikkje det ho tenkjer, men eg tenkjer at ho sit som ein svart fugl og vaktar på meg. Eg tenkjer at ho berre sit der og ser på meg i løynd, og at eg vil knuse det som er att av spegelbiletet, at eg vil knuse tv-en ho sit og ser på. Eg vil slamre att døra til stova så glasfokket står, men til henne seier eg berre at no går eg. Eg seier at no går eg til bussen, og at eg har mobilen med meg, og at vi skal ta ellevebussen heim, og at eg fer saman med venninna mi, og at eg har hugsa pengane, og at eg har nøkkelen òg med meg. Ho ser ikkje på meg ein einaste gong, men seier at det er fint, at alt er godt, og så seier ho at eg må ha det hyggeleg og kose meg, men ho seier ikkje at eg må skunde meg så eg ikkje kjem for seint til bussen. Ho seier det fan ikkje, tenkjer eg, ho vil ikkje at eg skal rekkje den bussen, ho vil ikkje at eg skal sitje bakarst i bussen saman med venninna mi og sleppe å ha skolesekk med meg, ho vil ikkje at vi skal sitje saman på bussen utan å vere morgontrøyte og grue oss til lekseprøver, ho vil ikkje at eg skal gle meg til å møte dei andre utanfor kinoen, ho vil ikkje at vi skal gle oss til pizzaen vi skal ete etterpå, eller at vi skal le og snakke om filmen og den musikken vi likar, eller lærarane vi ikkje likar. Ho vil det ikkje, men ho seier det aldri til meg.

Mor mi ser på meg

Ho er ein svart fugl som aldri seier noko og aldri ser meg og aldri seier det ho meiner, og tida går og bussen kjem snart, og eg blir ikkje ferdig med det eg skal gjere. Eg somlar på badet. Eg tissar igjen, og eg vaskar hendene, endå eg nett har gjort det. Eg går bortover gangen, og eg seier ja, no går eg, og ho svarar ja, ha det, då, og eg hatar at ho seier dette ha det, då. Ho seier ikkje berre ha det, og det vil seie at ho ikkje vil at eg skal gå, at eg skal ha vondt samvit for at eg går, og eg hatar det, eg hatar at ho seier det, og tida går og venninna mi ringjer og spør om eg ikkje har tenkt å kome snart, og eg seier at eg er på veg.

Eg ser inn gjennom døropninga på mor mi som sit i sofaen, ho har svart genser på seg, svarte auge, og føtene har ho trekt opp under seg i sofaen. Ho berre gjer som om ho ser på skjermen, men det gjer ho ikkje, ho lyder etter meg, og ho ser på klokka si i smug, og ho seier ingenting om at eg må skunde meg, og om det var til skolen eg skulle, så hadde ho masa på meg, sagt at eg måtte kjappe meg, sagt at no ville eg kome for seint til bussen, men ho seier ingenting, ingenting.

Eg lèt stilt att døra og pustar inn frosten. Stega mine i snøen lagar knirkelydar, og eg stansar opp og lyder. Eg høyrer bussen starte opp frå haldeplassen før vår, og eg kan sjå venninna mi nede ved vegen. Eg veit at eg må springe no om eg skal vere med, men føtene mine vil ikkje. Eg står og høyrer at bussen kjem. Snart vil eg sjå lysa hans i brøytekanten. Snart kjem han rundt svingen. Men eg spring ikkje. Bussen er her snart, og eg må springe for å rekke han, men eg kan ikkje. Langs denne vegen står grantre med mørke greiner, så eg spring ikkje. Greinene er mørke vengar, eg kjem ikkje gjennom, dei slepper meg ikkje gjennom.

Og venninga mi ringjer igjen, men eg orkar ikkje svare. Eg pustar inn kald kveldsluft som riv nedover halsen og langt inn i lungene. Eg står og ser på at bussen kjem rundt svingen, slakkar ned og stansar for å ta på venninna mi. Eg går mot huset att og opnar døra.

Ho står og ser ut av vindauget, snur seg i det same, gjer som om ho er forbausa. Rakk du ikkje bussen, seier ho. Skal eg køyre deg, eg kan godt det, veit du, du rekk det enno, det veit du. Men eg seier ikkje noko, eg vil ikkje seie noko, det er ikkje noko å seie, det er aldri noko å seie.

Frå novellesamlinga "Sprang" av Sigrid Merethe Hanssen

Saynab – min historie

Fra vaskeseddelen:

Hele livet har Saynab slåss. Med ungdomsgjenger. Med nynazister. Med imamer. For vennene. For seg selv. For det hun tror på.

[...] Jeg ble likegyldig. Det hadde skjedd noe inni meg. Jeg merket det ikke med en gang, men gradvis, sakte men sikkert, glei jeg ut av gjengen. Jeg gikk mye aleine og tenkte. Mer enn noen gang var jeg tøffe, stygge Saynab. Aggresjonen min rettet seg nå mot alt og alle.

*

I denne tida var savnet etter mamma ekstra sterkt. [...] Barnevernet bestemte seg for å span-dere en ferie til Etiopia for at Abdi og jeg skulle få besøke henne i flyktningleiren. [...]

I det Abdi åpner døra, ser jeg mamma. Jeg kan se på munnen hennes at hun sier noe, men jeg hører ingenting. Jeg er helt paralysert. Hun kommer inn i rommet og begynner å kysse Abdi. Så får jeg hørselen tilbake. [...]

Jeg hoppet ut av senga og løp inn i armene hennes. Vi snakket i munnen på hverandre, hun kysset meg i ansiktet, på armene, på halsen, på magen. Jeg klamret meg til henne så hun ikke skulle forsvinne for meg. [...]

Mamma luktet like godt som før, av parfyme og røkelse. [...]

Mamma var så glad for å se oss at hun ikke slapp oss med øynene, og jeg hang på henne hele dagen, iakttok hver eneste bevegelse hun tok og sammenlignet meg med henne. Hun var mye mer kvinnelig og elegant enn meg. Mamma var nå 34 år. Jeg sa til henne: - Mamma, du er så vakker. Det er ikke så vanlig å si sånne ting i Somalia. Mamma var så lys i huden at jeg kunne se at hun rødmet. – Kutt ut, sa hun og ble flau.

Mamma er veldig sjarmerende. Når hun snakker, blir alle stille, både kvinner og menn, for hun har så sterk utstråling. [...]

Vi gjorde nesten ingenting annet enn å være sammen med henne. Mamma og jeg gikk lange turer under trærne utenfor leiren. Hun ville vite alt om Norge, hvordan butikkene og husene var, og hvordan somalierne oppførte seg i det nye landet. [...]

Om kvelden bad vi mamma synge de gamle sangene som hun sang for oss da vi var små. Og hun sang vuggesanger hver kveld. [...]

Noe forandret seg etter Afrikaturen.

Utdrag fra "Saynab – min historie" forfattet av Eva Norderhaug

Alle i familien

Ikke len deg mot bildøren,
sa Mor. Kanskje er den ikke låst,
og du kan falle ut.

Vi har ikke bruk for deg
som død, og selv om du ikke
er særlig nyttig for oss nå,
har vi et håp om at du skal bli det når du
blir eldre.

Hvis du blir lege, kan du sjekke blodtrykket
mitt og gi meg gratis medisin når du
kommer på besøk. Og det som vil
være ideelt, er om du gifter deg med
en tannlege som kan undersøke tennene mine.

Hentet fra diktsamlingen "sa mor" av Hal Sirowitz

Handgranateple

[...] Når eg kjem inn i butikken, står Mette med ryggen til og betaler. Ekspeditrisa kastar eit blikk på meg. Eg smiler og sklir bak et stativ med sokkar. På halvparten av sokkane er det Snoopy-motiv. Han er vel på moten i år. I fjor var det visst Mikke Mus-år. Eg har Mikke Mus på ein nattkjole. Mens eg meir eller mindre blindt kikkar på dei ulike sokkane, studerer eg Mette. Ho tar ei hand opp i håret, samlar det og slenger det bak på ryggen. Typisk, dei som har krøllar, skal alltid rota seg i håret for liksom heilt tilfeldig tiltrekka seg merksemd. Sjå på meg, sjå kor fint hår eg har. Har ikkje du òg lyst til å ta i håret mitt? Det er så mjukt, kom og kjenn. Eg håpar Malin har tenkt å svi av henne håret. Mette skal til å gå. Fort trer eg fram frå sokkane og stiller meg i vegen for henne. Klarar ikkje å seia noko. Ho blir ståande utan å seia noko, ho også. Så prøver ho å gå forbi meg, igjen stoppar eg henne.

- Hei.
- Hei?
- Skal du ta fem-bussen utover?
- Kva bryr det deg?

Eg ser på klokka, det er ein halv time til klokka er fem.

- Det er noko eg må snakka med deg om.
- Har ikkje me snakka ferdig i dag?
- Jo, men eg fekk ikkje sagt at eg er lei meg. Ver så snill.
- Ok, då, me kan snakka på veg ned til bussen.

Ja! Eg må halda meg for ikkje å smila. Ho går jo rett i fella av seg sjølv. Når me kjem ned på busstasjonen, kan eg berre foreslå ein liten spasertur vidare mens me ventar på bussen hennar. Eg er god til å snakka, så kanskje eg kan få henne til å bli med meg vidare bak vin-monopolet heilt av seg sjølv, utan at ho merkar det. Mens me går nedover gågata, halar eg ut tida. Leitar etter ord, er usikker.

- Eh, eg håper me ikkje ødela festen din.
 - Det er vel litt seint å håpa på det no, kjem det spisst.
- Ho har overtaket, det er bra. Me går endå eit stykke.
- Eg er virkelig lei meg for det med epla.
 - Pappa blei heilt hysterisk, han truga med at eg ikkje får ha fest igjen.
 - Unnskyld.

Mette sukker.

Handgranateple

- Det går greitt, og de får betala.

- Klart, det.

No er me snart nede på busstasjonen. Kva pokker skal eg seia?

- Det eg ikkje skjønar, er korleis du kunne finna på noko så teit? Du har jo alltid verka så stille og rolig. Eg trudde ikkje du drakk eingong.

Eg veit ikkje kva eg skal svara, så eg held kjeft.

- Det har jo alltid vore deg og Arild. De har vore så flinke og pliktoppfyllande. Aldri drukke eller gjort gale ting sånn som me andre.

Kva er dette her? Det ho seier, undrar meg. Ho snakkar som om ho har sett meg. Som om eg er ein person ho har gått rundt og hatt ei oppfatning av. Eg trudde ho berre skimta meg som i beste fall ubestemmelig grått.

- Eg trudde du berre syntest at eg var kjedelig.

- Du var jo alltid berre saman med Arild. Alltid skulle de eit eller anna, fiska eller gå opp til hytta deira. De var jo aldri saman med oss andre.

- Men du bad meg jo ikkje i bursdagsselskapet ditt.

- Kva?

- I femte klasse. Du inviterte alle dei andre.

Mette stoppar, legg hendene over ansiktet. Hulkar ho? Nei, ho ler. Så tar ho hendene bort og snur seg mot meg.

- Å, dette er pinleg. Eg var forelska i Arild, men han var jo...Eg trudde i alle fall at han var forelska i deg. Derfor ville eg ikkje ha deg i bursdagen min.

- Å?

Etter at me har gått ei stund bryt Mette stilla.

- Eg burde vel seia unnskyld for det eg sa om mor di. Det var ikkje meininga.

- Ja.

- Og at du var narkoman. Du treng jo ikkje vera det sjølv om Malin er det.

- Hm.

Me har prata oss heil bort til det nedlagte ølmonopolet, nett som planen var. Eg kan sjå Tiril kikka fram bak bygget. Ein kulde brer seg frå magen og ut i heile kroppen. Eg veit at det eg gjer no, er gale, og at eg ikkje lenger har nokon grunn eller rett til å gjera dette mot Mette. Alt er ei misforståing.

- Unnskyld at eg var så teit. Venner?

Mette overrumplar meg med ein klem. Over skuldra hennar ser eg Malin og dei andre jentene komma. Eg får lyst til å dytta Mette frå meg, og ropa at ho skal springa, springa for livet. Elles må ho brenna. Men det er for seint.

Handgranateple

- Ja, ja, ja. Så her har me den vesle fisletuten.

Malin rykker Mette ut av armane mine etter håret. Eg står støypt fast med armane strekt ut. Eg kan sjå Mette sitt ansikt skifta frå overraska til livredd i løpet av eit kort sekund.

- Unnskyld, unnskyld, kviskrar eg.

- Du skal ikkje be om unnskyldning Anja, men det skal denne fitta her. Ned på kne.

Eit velretta spark bak knea frå Malin, får Mette til å knekka ned på veggen.

- Så du går rundt og seier at me er narkomane? Dra opp gensen hennar.

Hanne går bort og gjer som Malin seier.

- No skal du få brenna.

Malin viftar med sigaretten sin framfor ansiktet på Mette. Ho klynkar. Eg kan sjå at ho er på gråten. Dette skjer ikkje.

- Du skal få æra.

Alt i meg strittar imot. Eg kan ikkje ta imot sigaretten. Kan ikkje svi Mette. Kva er dette for ein sjuk lek? Eg leitar i ansiktet til Malin for å finna spor av at det ikkje er alvor likevel. Me skal berre skremma Mette, ikkje skada henne.

- Kom igjen! Du har betre grunn enn nokon til å brenna henne.

Når eg møter Malins blick, skjønner eg at ho er den farligaste fienden eg kan få. Men ho har også vist seg som den mest lojale vennen min. Ho kjempar for meg.

- Ikkje gjer det, Anja! Ho er galen. Ver så snill!

Mette fell saman i fosterstilling, Malin drar henne opp igjen etter håret og ser hardt på meg. Eg ser ned på røyken, knipsar av oska på tuppen. Handa mi skjelv. Mette har ein føflekk på høgre side av navlen. Eg lukkar auga. Eit skrik frå Mette fortel meg at eg har klart oppgåva. Eg slepper sneipen, snur meg og spring.

Utdrag fra "Handgranateple" av Ingelin Røssland

Sidbroks "123 fyre"

<http://www1.nrk.no/nett-tv/klipp/27592>